

Kurs i brakjekledning på Hordamuseet 7. – 10. september 2010

Veggane i eit grindbygd torvhus på Hordamuseet skal tekkjast med brakje, slik det var originalt. Heile prosessen; frå henting av brakje i utmark og kvisting av emne, til sjølve tekkjinga, vert gjennomført på kurset som går over fire dagar



Torvhuset er ein grindkonstruksjon med stav, betar og stavlegje i svartolder. Bygget er eit godt døme på at sjølv "simplare" material kan gje godt bygningsresultat. I Arna var det mangel på skog. Svartolder var det treet som stod att når sauene hadde forsynt seg med dei andre treslaga, sidan olderen er næringsfattig og lite eigna som dyrefor.

Torvhuset hadde originalt veggjar i brakje og målet er å få sett opp att slike veggjar på tradisjonelt vis, slik det vart gjort i Arna.

Kurshaldarar: Trond Oalann og Olav Hauge (tradisjonsberar frå Arna).
Pris: 100,- for dagen pr. kursdeltakar

Kontaktperson: Ole Mikal Olsen 91 68 14 90